

Stortingets finanskomite
Karl Johansgt 22
0026 OSLO

Synspunkt på Revidert nasjonalbudsjett 2016 og endringer i statsbudsjettet for 2016

Mange av Fellesforbundets medlemmer står utan arbeid. Industri og bygg og anlegg er dei bransjane som for tida har den største registrerte arbeidsløysa med nær 6 prosent ledige. Det sterke fallet i petroleumsinvesteringane sidan 2014 er den klart viktigaste direkte og indirekte årsaka til dette. Prognosane for neste år viser eit ytterlegare fall. Frå 2014 til 2017 vil investeringane bli nesten halverte. Så vil dei truleg ta seg betydeleg opp igjen.

Vi er tilfredse med at regjeringa endeleg føreslår utviding av ordninga med dagpengar under permittering. Det vil føra til at færre enn elles vil bli oppsagde, og at bedriftene vil kunne behalda viktig kompetanse. Vi stiller oss likevel undrande til at denne utvidinga blir kombinert med auka lønsplikt for bedriftene. Ei slik utviding kjem i ein situasjon som ells er svært utfordrande for mange bedrifter som opplever mellombels ordretørke. Vi ber om at den ekstra lønspliktpå fem dagar blir skrota.

Det er positivt at programmet DEMO 2000 er føreslått utvida med 50 millionar kroner. Programmet rettar seg mot leverandørindustrien og vil kunne føra til styrking av kompetansen. Det er også positivt at det vil bli satsa sterkare på bygging av klima- og miljøvenlege skip i innanriks transport gjennom ei ekstra løyving på 65 mill. kroner, herunder 20 mill. kroner til låg- og nullutsleppsteknologi i fergjesektoren og i andre rutegåande samband. Det er derimot skuffande at regjeringa ikkje framskundar bygging av nye kystvaktskip som vi uansett skal ha. Det ville vore ei treffsikker og skikkeleg handsrekking til verftsindustrien på Vestlandet.

Det er også bra at regjeringa i det opprinnelege budsjettet fekk utvida ordninga med bedriftsintern opplæring (BIO). Men i dagens situasjon burde den ha blitt ytterlegare utvida. Fellesforbundet oppfordrar Stortinget om å be regjeringa å endre forskrifta, slik at BIO-midlar også kan nyttast av bedrifter som mellombels er ramma av marknadssvikt på grunn av konjunkturmessige forhold. Dette må kunne gjerast på same måten som det vart gjort under finanskrisa i 2009.

Det er positivt at innovasjonslåneordninga er føreslått auka med 200 millionar kroner. Men det er ikkje bra at tapsavsetninga til dette blir tatt av miljøteknologiordninga. Etter vårt syn spelar miljøteknologiordninga i Innovasjon Norge ei nøkkelrolle for omstilling og utvikling av nye produkt i norsk næringsliv. Ordninga peikar framover mot kva vi skal leve av i framtida. I verkemiddelkjeda der både Forskingsrådet og Enova har sentrale rollar, var miljøteknologiordninga lenge det svakaste leddet. Det var langt fleire gode prosjekt enn det var tilgjengelege midlar. Derfor var det gledeleg då regjeringa auka løyvinga til ordninga i statsbudsjettframlegget sitt for 2016, og ikkje minst då budsjettforliket på Stortinget i desember auka løyvinga ytterlegare. Det er derfor svært overraskande at det no blir føreslått å kutta i ordninga. Det gir heilt feile signal til bedriftene om dei kan stola på framtidig hjelp frå Innovasjon Norge i omstillinga som klimatoppmøtet i Paris gjekk inn for.

1 000 fleire tiltaksplassar og 900 millionar ekstra i ulike sysselsettingstiltak, er betre enn ingenting. Men når regjeringa varslar at arbeidsløysa vil auka ytterlegare utover i 2016, er dette for lite. Innsatsen burde ha vore klart større. Det bør bl.a. setjast inn meir midlar til oppussing, rehabilitering og ombygging i både kommunar og stat.

Det er positivt at det er føreslege å løyva ekstra midlar til bygg og anlegg. Samtidig ser vi med stor uro på utviklinga i næringa. Bedriftene opplever ein ny situasjon der rammevilkår for dei som ønskjer å vera ein del av den seriøse marknaden er svekka. Auka bruk av atypiske tilsetjingsformer, nye selskapstrukturar, sosial dumping, mangel på kontroll av dei useriøse bedriftene og for einsidig fokus på pris ved val av leverandørar frå det offentlege, utviklar næringa i feil retning. Fellesforbundet føreset at ekstra løyvingar vert brukt slik at det skapar arbeidsplassar lokalt for dei som er arbeidsledige og der det er ledig kapasitet. Regjeringa må følgja opp reglane om offentlege innkjøp slik at det blir like konkurransevilkår og høve for norske bedrifter å vinna anbud. Dette vil ha ein positiv verknad både på seriøsitet og sjansar for å auka sysselsetjinga. Vidare forventar vi fortgang i arbeidet med å etablere ei heilheitleg «Sentral godkjenning» og ei registreringsordning for arbeid på eigedom.

Fellesforbundet er skuffa over at Regjeringa ikkje har føreslege å gjera om på vedtaket om flypassasjeravgift. Forslaget er ikkje utgreidd, og miljøeffekten er i beste fall usikker. Det som er sikkert er at avgifta vil setja mange hundre arbeidsplassar i fare i fleire distrikt i Norge. I ein situasjon med aukande arbeidsløyse er dette ein særst uheldig politikk. Stortinget bør snarast mogeleg stoppa iverksetjing av denne avgifta.

Fellesforbundet reagerte sterk på at Stortinget i samband med budsjettet for 2016 vedtok å skattleggja sluttvederlag. Dette er ei ordning som først og fremst kjem eldre arbeidstakarar til gode som mister arbeidet ufrivillig som følgje av konkurs, reduksjon i arbeidsstokken eller sjukdom. Sluttvederlag blir etter fjerninga av skattefritaket rekna som pensjonsgjevande inntekt. Dette medfører avkorting mot ytingar frå NAV. Mellom anna opplever arbeidstakarar som går over på uføretrygd reduksjon i trygda på grunn av utbetalt sluttvederlag. Vi ber om at vedtaket om å skattleggja sluttvederlag blir gjort om, og at det ikkje skal skje avkorting i ytingar frå folketrygda med bakgrunn i sluttvederlag.

Med venleg helsing
Fellesforbundet

Jørn Eggum
(*sign.*)

Norvald Mo
(*sign.*)

Dette brevet er elektronisk godkjent i Fellesforbundet og har derfor ingen signatur.